

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/11758-7

Revisjon av reglementet for fylkestinget og reglementet for sakshandsaming i politiske utval

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. I reglementet for fylkestinget skal § 5, bokstav m, ha slik ordlyd:

Ugildskap - fritak

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet. Fylkestinget kan likevel i særskilde tilfelle, t.d. når medlemen har ei rolle i den vidare oppfølginga av saka, gje vedkomande løyve til å vere til stades i møterommet

2. I reglementet for sakshandsaming i politiske utval skal § 13 ha slik ordlyd:

Ugildskap - fritak

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet. Utvalet kan likevel i særskilde tilfelle, t.d. når medlemen har ei rolle i den vidare oppfølginga av saka, gje vedkomande løyve til å vere til stades i møterommet.

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

FT-sak 47/15

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I FT-sak 47/15 reviderte fylkestinget ei rekkje av reglementa for dei folkevalde organa i fylkeskommunen, m.a. reglementet for fylkestinget og reglementet for sakshandsaming i politiske utval.

Det sistnemnde reglementet gjeld for dei folkevalde organa i fylkeskommunen med unntak av fylkestinget, som altså har eit eige reglement.

I tilknytning til reglementet for fylkestinget formulerte fylkesrådmannen følgjande i saksutgreiinga:

«I dagens reglement heiter det at «(m)edlemer som er ugilde ... forlet møtet dersom det er eit lukka møte». Fylkesrådmannen foreslår å gjere denne regelen

mindre kategorisk , slik at fylkestinget får høve til å vedta at den ugilde representanten ikkje treng å forlate møterommet sjølv om den aktuelle saka vert handsama bak lukka dører. Viss den ugilde representanten har ei rolle i oppfølginga av saka eller vedtaket, vil det vere føremålstenleg at vedkomande får vere til stades sjølv om han/ho er ugild.»

Fylkesrådmannen føreslo på denne bakgrunn følgjande ordlyd i § 5, bokstav m), i reglementet for fylkestinget

«Ugildskap - fritak

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande, med mindre fylkestinget vedtek noko anna, også forlate møterommet.»

Fylkesrådmannen gjorde av same årsak framlegg om same formulering i § 13 i reglementet for sakshandsaming i politiske utval, med unntak av at «fylkestinget» vart føreslege bytta ut med «utvalet».

Under fylkestinget si handsaming av saka sette Høgre og Venstre fram slikt framlegg til vedtak:

«§ 5 bokstav m) i Reglement for Fylkestinget og § 13 i Reglement for sakshandsaming i politiske utval vert utforma som følgjer:

Ugildskap - fritak

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet.»

Framlegget frå Høgre og Venstre fekk 20 røyster og vart vedteke.

I dag er regelen altså framleis slik at ein ugild representant alltid må forlate møterommet dersom møtet vert lukka.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen tek opp denne problemstillinga på ny fordi fylkesutvalet munnleg – og tilsynelatande samrøystes - har bede meg om det.

Fylkesrådmannen meiner framleis at den gjeldande regelen er for kategorisk. I dei tilfelle den inhabile representanten skal spele ei rolle i den vidare oppfølginga av saka, t.d. fordi vedkomande er styremedlem i selskapet som er part i den aktuelle saka, vil det ofte vere i fylkeskommunen si interesse at vedkomande kan få høve til å vere til stades i møterommet og slik få med seg t.d. styringssignal frå organet, som representanten – på eit eller anna tidspunkt – uansett må bli gjort kjend med.

På bakgrunn av den haldninga fylkesutvalet har gitt uttrykk for i dette spørsmålet i vinter og vår, gjer fylkesrådmannen framlegg om følgjande formulering i § 5, bokstav m, i reglementet for fylkestinget:

«Ugildskap - fritak

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet. Fylkestinget kan likevel i særskilde tilfelle, t.d. når medlemen har ei rolle i den vidare oppfølginga av saka, gje vedkomande løyve til å vere til stades i møterommet.»

Eg føreslår tilsvarende formulering i § 13 i reglementet for sakshandsaming i politiske utval, med unntak av at «fylkestinget» vert bytta ut med «utvalet».

Etter dette framlegget vil den klare hovudregelen fortsatt vere at den inhabile medlemen må forlate møtelokalet. I særskilde tilfelle vil det likevel vere ei opning for at vedkomande kan få løyve av organet til å vere til stades og overhøyre debatten og drøftingane i organet.